



**Telemark Bonde-
og Småbrukarlag**

Årsmelding 2025



Tillitsvalde i Telemark Bonde og Småbrukarlag 2025

Leiar: Sveinung Kjellemo, Flåbygd, tlf: 48959801 sveinung.kjellemo@gmail.com

Nestleiar: Sondre Aasan, Flatdal, tlf.: 45872979 sondreasaan@hotmail.com

Styremedlemmer:

Regina Brajkovic, Sannidal, tlf.: 988 79 341 brajkov@online.no

Kathrine Kinn, Ordal, Tlf.: 45229771 kathrinekinn@gmail.com

Åsmund Kleven, Tinn, Tlf.: 91609042 aakleven@online.no

Vara:

1. vara: André Trondsen, Midt- Telemark (til 01.08.25)

2. vara: Per Helge Seltveit, Fyresdal

3. vara: Bjørgulv Kvåmme, Edland

Revisorar: Arvid Lia, Notodden og Kari Tellefsen, Vinje

Rovdyrkontakt frå Telemark i NBS: Regina Brajkovic/ Tor Mølster Byggland

Leiar i rovviltutvalet i NBS: Regina Brajkovic

Medlem i ungdomsutvalet i NBS: Elin Ringhus (til 16.11.25)

LMD sin partssammensatte arbeidsgruppe "Gjennomgang av geiteholdet i Norge": Kathrine Kinn

Styremedl. i Utvalde Kulturlandskap Hjartdal og Svartdal for TBS:

Gunleik Mæland

Representant i Telemark Landbruksselskap: Regina Brajkovic

Fylkessekretær: Tor Mølster Byggland 95216730 telemark@smabrukarlaget.no

Org.nr: 913 568 265

konto nr.: 2699 11 06676 Vipps nr.: 570676

Heimeside: www.smabrukarlaget.no

FB side: <https://www.facebook.com/telemaksmabrukarlag>

Lokallag i Telemark 2025

Hjartdal og Notodden BS

Leiar	Helle K. Gjerde, Sauland tlf.: 992 58 790	hkaufman@online.no
Nestleiar	Edvard Eikemo	948 80 309 edveik20@gmail.com
Kasserar	Eivor Bjerke, Sauland	988 22 994 eivor.bjerke@gmail.com
Sekretær	Torild M Skårdal	911 97 667 moinichen123@hotmail.com
Vara	Svein Olav Skårdal	
Revisor	Øyvind Lia, Notodden	
Valgkomité	Gunleik Skårdal	
	Arvid Lia	

Vest- Telemark BS

Leiar	Gunnar Haugo, Vinje tlf.: 975 78 643	gunnarhaugo62@gmail.com
Styret	Svein Kostveit, Vinje tlf.: 480 37 560	svein.kostveit@air.no
	Tor Mølster Byggland, Vinje, tlf.: 952 16 730	
	Per Helge Seltveit, Fyresdal, tlf.: 950 36 170	
	Kathrine Kinn, Kviteseid, Tlf.: 45229771	kathrinekinn@gmail.com
	Inger Elisabeth B. Haugarne, Vinje	
	Oddvar Seltveit, Tokke, tlf.: 900 13 727	
	Erlend S. Fundli, Fonnli, Vinje tlf.: 916 80 550	
Vara	Mimmi Hauglid, Kviteseid	
	Olav Gunleik Mostaul, Tokke	
	Irene Aarbakk, Seljord	
	Sondre Aasan, Seljord	
	Kristina Huitfeldt Carlsen, Vinje	

Nedre Telemark BS

Leiar	Siv Anette Klovholt Moland, Neslandsv. tlf.: 98636359	sivanetteklovolt@yahoo.com
Styret	Regina Brajkovic, Sannidal tlf.: 988 79 341	brajkov@online.no
	André Trondsen, Bø, Midt-Telemark tlf.: 951 80 702	post@andretrondsen.no
	Sveinung Kjellemo, Flåbygd, tlf: 48959801	sveinung.kjellemo@gmail.com
	Cecilie Solli Albretsen, Bø	
Vara	Torstein Hauken, Skien	
	Marte B. Berdahl, Bø	

Tinn BS

Kontaktperson:	Barbro Stordalen, Austbygde tlf.: 906 42 304	bstordalen@gmail.com
----------------	--	--

- Styremøter TBS
06.01 · 04.02 · 03.03 · 10.04 · 05.05 · 20.05 · 02.06 · 07.07 · 04.08 · 01.09 · 06.10 · 03.11
- Arbeidsgrupper / strategi
 - 20.01: Arbeidsgruppemøte Landbruksstrategi, Brenna
 - 28.05 og 25.11: Arbeidsgruppemøte Landbruksstrategi
 - 31.03: Workshop Landbruksstrategi, Sørve
- Kontakt- og samarbeidsmøter
 - 30.01: Kontaktmøte NBS
 - 25.02: Møte med Telemarksbenken, Seljord / Teams
 - 15.10: Kontaktmøte Statsbudsjettet, NBS
 - 16.12: Kontaktmøte, NBS
- Jorddagen (styringsgruppe og arrangement)
 - 31.01 · 06.03 · 16.10: Styringsgruppemøter, Bø
 - 04.12: Jorddagen, USN Bø
- Representantskap og samlinger
 - 25.–27.03: Rep.skap / fylkesledersamling, Gardermoen
 - 10.04: Rep.skap Telemark Landbruksselskap
 - 27.10: Innstilling til valgnemd / Rep.skap NBS
- JF-orienteringer / gjestemøter
 - 12.05 · 14.05 · 16.05: JF-orientering NBS
 - 12.05: Gjest styremøte VTBS
 - 26.05: Gjest styremøte VTBS hos Oddvar Seltveit
 - 17.09: Gjest styremøte VTBS, Ordal

- Arrangementer og møteplasser
 - 26.06: Sommertreff, Sørve
 - 28.07: Planlegging Støylsdagen
 - 03.08: Støylsdagen
 - 11.–14.09: Dyrskun
 - 21.08: Debatt om metanhemmere (INP), Skien
- Planlegging og utvikling
 - 24.06: Planlegging *Meining, mat og mot* – Dyrskun
 - 01.12: Oppstart Mobilisering husdyrnæring, Brenna
- Partnerskap og evaluering
 - 16.06: Partnerskap Landbruk, Århus gård
 - 12.12: Partnerskap Landbruk, Siljan Hjort
 - 27.11: Evaluering IBU, SINTEF
- BU-prisen 2025
 - 02.10: Jurymøte
 - 04.11: Utdeling, Siljan Hjort
- Øvrig
 - 05.09: Gjest Bondelunsj hos Gunnar Haugo
 - 25.11: Dialogsamtale *Nyt Norge – utviklingstrekk*



Ord om året frå fylkesleiar

Det første som slår meg når eg skal sette noen ord om fjoråret på papiret, er at det er ikkje til å tru at det har gått et heilt år sia forrige gang. Tida flyr skikkelig fort!!

Året starta tidlig med møte i arbeidsgruppa, som har jobba med grunnlaget for landbruksdelen av Telemarksplanen, i regi av Telemark fylkeskommune. Det har vært noen møter, med stort engasjement, og i høst var me i mål. Faktagrunnlaget ligger ute på internettsida til TFK, og inneholder mykje interessant informasjon ned på kommunenivå. I fylke vårt er det store uutnytta beiteareal. 75% av det tilgjengelige, er ikkje i bruk. Telemark har derfor store muligheter for ein vesentlig auke i antall drøvtyggere, som kan bidre til å produsere norsk mat på norske ressurser i et evighetsperspektiv. Som et resultat av blant anna detta, har fylkeslaget sammen med Bondelaget, starta et forprosjekt for å se på muligheten til å få på plass ei stilling for og auke husdyrproduksjonen i fylket.

Første helga i februar, var med samla på Lien fjellgard til årsmøter. Ei fantastisk helg, med formaliteter, fag, hyggelige folk - både gjester og medlemmer, støylsbesøk og ikkje minst fantastiske matopplevelser 🍷

Ikkje mange ukene inn i året, «dukka» det opp et flertall for et nytt tallgrunnlag. Fem partier var blitt enige om noe som var skuffande, det kunne med enkle endringer vært så mykje bedre. NBS ba om Ærlige tall, det fikk med ikkje. For eksempel er normering ett eksempel på hvordan flertallet på Stortinget den dagen, verdsetter jobben som daglig blir gjort på norske gardsbruk.

Årets Jordbruksforhandlinger starta derfor med stort engasjement, og med tett kontakt med Forhandlingsutvalget, var det svært overraskande at NBS igjen blei satt på gangen. Så nær ei avtale, men igjen var det normeringa som skapte frustrasjon, prosent eller kroner. Forhandlerane hadde fått klar beskjed om å være «harde i klypa», og skal ha all ære for at de ikkje ga etter. Noen timer seinare var avtala med Staten og Bondelaget i havn. Da var metanhemmeren Bovaer bestemt innført. Første ein vidare «utprøving», før gradvis innføring på alle drøvtyggere. Sjelden har noe skapt meir debatt, enn detta tiltaket. I Telemark var noen damer raskt ute, de representerte forbrukerne, mjølkeproduksjon, veterinærer og ikkje minst dyra. Ein enorm innsats har de laget ned, på tross av stor og til dels ufin motstand fra andre faglag og Tine. Fleire har slutta seg til motstanden, og når detta skrives har Tine sagt at de ikkje skal ta imot mjølk fra dyr som har fått i seg stoffet.

Første helga i august, var TBS medarrangør når Vest-Telemark bonde- og småbrukarlag, arrangerte Støylsdagen 2025 på Øyvågslia i Langlim. Det blei ein fantastisk dag på setra til familien Sudgarden. Med over 200 besøkjande, og blant andre med Mat- og Landbruksminister Nils Kristen Sandtrøen og vår egen leder Tor Jacob Solberg på plass, var det ein stor og minnerik opplevelse.

Andre heile helga i september, har lange tradisjonar i Telemark. Den 159. utgaven av Dyrskun i Seljord blei ein relativt våt utgave. Været har nok skylda for at det kom færre folk enn vanlig, men stemninga var god. NBS stilte med nytt telt og det blei mange kaffekopper og god prat der, i «tre dagar til endes». Aktiveten på og rundt standen aukar, noe som er svært positivt.

Oppunder Jul, rakk frua og eg, to Julebord i regi av to av lokallaga. Først ut var VTBS på Akademiet i Ragland, før Nedre-Telemark bonde- og småbrukarlag arrangerte tidenes første på Århus gård i Skien. Til sammen nærmere 80 stk deltok på flotte arrangement og i tillegg til nydelig mat og god prat, fikk me også påfyll både faglig og kulturelt.

Tilslutt må eg benytte anledningen til å takk for alle gode menneskemøter det har blitt i 2025. Ein stor takk til resten av styret, sekretær Tor og alle medlemmer som gjør ein framifrå jobb for norsk mat og matproduksjon.

Kjellemo 25.01.2026
Sveinung

Årsmøte 2025

Laurdag 8. februar hadde Telemark Bonde- og Småbrukarlag årsmøte på Lien Fjellgard.

Aina Bartmann heldt eit framifrå innlegg om genredigering og sterke krefter som pressar på. Ho ber oss vera på vakt, og at ein må vera føre var, då det kan få uante konsekvensar ved å sleppe laus noko. Aina er leiar i GMO-nettverket, og tidlegare leiar i NBS.

Kathrine Kinn snakka om konsekvensane av det nye talgrunnlaget og pollestadmodellen, og synte til at det sannsynlegvis vil gjera at gapet til samanlikna løn vil vera 400 000 i 2050. Det vil føre til stadig færre bruk, lågare beredskap og sjølvforsyning. Men kampen for rette tal fortset!



Aadne Ådneram, 2. Vara til sentralstyret, og Telemark sin fadder, både fortalde, stilte og fekk spørsmål gjennom dagen.

Om lag 35 medlemmar fylgde møtet. Per Helge Seltveit gjekk ut av styret. Takk for grundig innsats og engasjement! Ny i styret er Åsmund Kleven frå Tinn! Velkommen! Ei av det nye styrets oppgåver er å få medlemmane i Tinn inn i eit aktivt lag att.

Det nye styret er leiar Sveinung Kjellemo, nestleiar Sondre Aasan, Kathrine Kinn, Regina Brajkovic og Åsmund Kleven.

Alle foto Tor Mølster Byggland



**«Mottaksplikt»
høres ikke så
hyggelig ut. Men
som bonde kan
det være det
fineste ordet
som finnes.**

Nortura har mottaksplikt. Det vil si at hvis du velger å levere slakt til oss, vil vi alltid ta i mot og sørge for at du får betalt.

 **nortura**
bondens selskap

Meining, Mat og Mot -Framtidstru og forsyningstryggleik – Vinje

27. februar vart det skipa til stort folkemøte på Vinjehuset. Heile 450 menneske fann vegen til Åmot denne februarkvelden. Telemark Bonde- og Småbrukarlag var saman med Folkeakademiet Vinje hovudarrangør. Med oss var meir enn 60 lag og organisasjonar med for å få til dette.

Grendelag, sanitetslag og bygdekvinnelag pynta med fastelavnsris, baka og koka 200 liter suppe som gav publikum ein næringsrik start på kvelden. Damekoret Fjellrøyst opna programmet og ramma det inn utover kvelden saman med programleiar Torgeir Straand.

Tema er matberedskap og levande bygder, og grunnleggjar av Mening Mat og Mot, Edel Urstad hadde eit flammande opningsinnlegg, der det blei tydeleggjort for alle at mat og vatn er pri nr 1!

Vidare fulgde Delås gard med sin historie om utvikling og sjølvberging på garden sin, før Jan Helge Dale frå Øyfjell, sersjantmajor og sjefssersjant ved Forsvarets Høgskole, fortalde om sine betraktningar og erfaringar frå ei lang teneste for Noreg i inn- og utland.

Per Olaf Lundteigen, senterpartihøvdingen, var neste på scena. Han har i ein mannsalder, eller meir stått opp for bonden, norsk matproduksjon og det han meiner er rett. Ofte i strid med resten av partiet – no seinast i saka og sakene rundt talgrunnlaget.

Sist ut av foredragshaldarane var Anders Nordstad. Den tidlegare soyahandlaren frå Asker har blitt blogger, og gjort ein utmerka innsats for folkeopplysinga. Han har reist rundt i landet med foredraget «Det er maten din for pokker» med stor suksess. No var det Vinje sin tur. Og han skuffa ikkje. Både Nordstad og dei andre innleiarane sette både støkk i folk, og gav a-ha opplevingar. Ord som «Skremande», «Storslagent» og «Rørande» var å høyre etterpå. Ein sa det ikkje hadde vore noko lignande i regione sidan EU-kampen i 1993-94.

Kvelden blei avslutta med ei panelsamtale mellom Edel Urstad og representantar frå toppen i dei ulike partia i Telemark. Det synta klare skilje i politikken – og klare kunnskapshol.





Dyru d

ELEKTRO AS

Trygghet • Kvalitet
Lokal kompetanse

Alarmer Årskontroller
El-kontroll landbruk

post@dyrud.no 35 05 80 80

Landbruket og litteraturen

Den til no seiste kvelden i rekka med «Landbruket og Litteraturen» blei halde på Raulandsakdemiet 8. april. Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Vinjesenteret, Vinje folkeakademi og Raulandsakdemiet var arrangørar,

Aasmund Nordstoga opna det heile, og leiar ved Vinjesentertet, mYngve Knausgård var programleiar.

Forfattarane som gjesta Rauland denne kvelden var Maria Lavik og Bjørn Ivar Fyksen. Maria Lavik med boka «Odelsskam» der ho fortel om si forsiktige lausriving frå slektsgarden for å byggje seg eit nytt liv i Oslo.

Bjørn Ivar Fyksen har med sin roman «Gård og grunn» skildra intriger og drap i ei bygd på austlandet. Odelslov og landbrukspolitikk er sentralt i bøkane.

Arne Vinje leia samtala med dei to.

Sammen om maten

10. april var det lokallagssamling med Hjartdal og Notodden BS i gamle Stulsbua fra 1700- tallet på Haugen ved Eikemo i Sauland.

Tema: Hvordan kan vi som enkeltpersoner og lokalsamfunn ta større eierskap til maten vi spiser – og måten den blir produsert på?

André Trondsen fra "Den Grønne Nabo" delte erfaringer og refleksjoner rundt småskala matproduksjon, fellesskap og samberging – et begrep som handler om å løfte i lag for å skape endring. Med eksempler fra praktisk dyrking og samarbeid i nabolag og lokalmiljø, inviterte Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag til en hyggelig og jordnær samtale om mat, mening og mulighetene som spirer når vi graver i jorda sammen.

Hans Kortner Ryen, kornbonde og Nestkommanderende i Hjemmevernet, samt leder for teknisk etat i Midt Telemark var også med oss og delte noen betraktninger om hvordan vi kan opprettholde matproduksjon i en krise.



Rundt 20 møtte rundt det solide bordet i Stulen med sus i veggene fra en tid hvor sjølberging var en udiskutabel nødvendighet.

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf.: 72 50 50 50 · felleskjopet.no

Arbeidsåret 2025

Året mellom årsmøta til TBS har dreia seg rundt *matberedskap* i mange sammenhengar. Alt ifrå Meining Mat og mot, via Staulsdagen til Dyrsku og Landsmøte har hatt nettopp matberedskap og sjølvforsyning i botn.

TBS har hatt 15 styremøter. Me har deltatt på Partnerskap Landbruk, Kontaktmøter, Fylkesleiararmøter og repskap. Studiearbeid, Landsmøte, og Jorddagen i Bø for å nemne noko. Sjå oversikta frå fylkesleiar s. 4-5.



Fylkesleiar Sveinung Kjellemo på fylkesleiar møte 26. mars.

Etter at NBS blei sett på gangen i innspurten av jordbrukstingingane, og Bondelaget fekk inn krav om innføring av metanhemmaren Bovaer, har det koka i kommentarfelt, lesarinnlegg og debattar. NBS – både lokalt, sentralt og i fylka tok tidleg eit klart standpunkt mot denne tvangsinnføringa av ein syntetisk metanhemmar.

Bovaer

Debatten raser: - La kua rape



OPPFØRT Leder av Norsk Bonde- og Småbrukarlag i Telemark, Sveinung Kjellemo, er spagett med utsegn som raser for metanhemmaren.

AV BALLESTAD

Oppdatert: 15.11.25 10:53

Publisert: 17.06.25 10:17

Kopier

SKIEN: Det koker hos melkeprodusentene i Telemark, og i sosiale medier engasjerer melkedrikkene seg. Bar en satse på å redde klimaet ved å gi kyr førløsetingstoffet Bovaer som skal gi 3-nitrooxypropionsyre? – Nei, dette går for fort.

Det mener Sveinung Kjellemo – fylkesleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Telemark.

Har han fått med seg betyngningen som flere telemarksbønder har gitt uttrykk for i Ta kua rape, glassen en situasjon fra styret i Telemark Bondelag, innvaldte «forvaltere» når det Bovaer. Har god melkeproduksjons effekt, og et det er trygt å bruke, også for bønder som skal fôrfôre det i eget fôr?



GLAD: Sveinung Kjellemo er glad for at bruken av Bovaer er satt på vent. Foto: KV.

AV Telemark-Tungvaag

Oppdatert: 15.11.25 10:53

Publisert: 15.11.25 06:00

Kopier

Sveinung Kjellemo i Telemark Bonde- og Småbrukarlag er fornøyd med at det nå blir midlertidig stans i at bønder må gi melkekyr sine det kjemiske stoffet Bovaer.

Faksimile TA 17.06.25 og Bondebladet 15.11.25 – Kjellemo i media om bovaersaka

Takka vera vårt klare standpunkt i både bovaersaka, vår meining om rett talgrunnlag og krav om å fjerne samordningsregelen, har me opplevd ei markant medlemsauke i fylket. Frå 322 i fjor til 357 i skrivande stund. 46 brutto nye medlemmer 33 netto. Og fleire melder dei vil melde seg inn hjå oss. Velkomne skal de vera!

Sommertreff på Søve

26 juni arrangerte Telemark Bonde- og Småbrukarlag, saman med Telemark Bonde- lag, sommartreff på Søve. Godt oppmøte, gode innlegg og bra mat. Fint å treffast!

Sommertreff

torsdag
26. juni
kl 18.00



Telemark Bondelag og Telemark Bonde- og Småbrukarlag
inviterer til en faglig og sosial kveld på Søve vgs.

18:00 Landbrukets framtid i Telemark
Snart avtroppende landbruksdirektør, Olav Sandlund,
oppsummerer sine erfaringer og opplevelser fra
landbruket i vårt fylke.

Spørsmål/kommentarer fra salen

19:00 Sola skinner og grillene er klare



Statsforvalteren i Vestfold og Telemark



Agder og Telemarks eneste slakteri
Nærhet – Dyrevelferd – Mattrygghet

**JENS
EIDE**

Din lokale slakter
LILLELAND – VORLANDET

**BEST PÅ RETURKJØTT!
REKO-RING, GÅRDSUTSALG**

**LIVDYRSALG/KJØP - BEITEKJØRING
RÅDGIVNING - HUSDYRKONTROLL**



**KONKURRANSEDYKTIG PRIS!
STORFE – SMÅFE - GRIS**

**SMÅFE SLAKTING HVER UKE
VI HENTER SAU HELE ÅRET**



Agder og Telemarks eneste slakteri
Nærhet – Dyrevelferd – Mattrygghet

**JENS
EIDE**

Din lokale slakter
LILLELAND – VORLANDET

Sudgarden, Solberg og Sandtrøen på staulsdag

Godt over 200 møtte opp på Øyvågslis, fyrste sundag i august. Vest-Telemark og Telemark Bonde – og Småbrukarlag arrangerer den årlege Staulsdagen.

Gunhild Sudgarden ynskte velkommen til staulsvollen og fortalde om Øyvågslis si fleire hundreårige historie. På staulen, som ligg ved Gjevarvatn og Langlim i Seljord kommune, er det eldste huset frå 1700-talet. Så det har i allefall vore drift der sidan då. Kanskje lenger. No er det syster av Gunhild, Heidi, som driv garden saman med mannen, men endå er det foreldra deira som held på på staulen om somrane.

Den årlege Staulsprisen gjekk i år til nettopp Arnhild og Sveinung Sudgarden, som driv staulen på 51. sommaren. Prisen vart høgtideleg overrekta av landbruks- og matminister Nils Kristen Sandtrøen og Tor Jacob Solberg.

Ingvill Garnås frå Kulturlandskapsenteret og Torgeir Straand ramma inn staulsdagen med kveding, lokk, felespel og gode innlegg.

Tor Jacob Solberg var tydeleg på at kampen for ærlege tal ikkje er over, og han hausta særleg stor applaus på tydeleg standpunkt på at metanhemmarar er noko me har greidd oss utan i alle år, og noko folk flest ikkje vil ha inn i næringskjeda. Opprør frå bønder og forbrukarar kan verte resultatet.

Landbruks- og matminister Nils Kristen Sandtrøen hadde teke turen til Øyvågslis, og framsnakka støylsdrifta, og at den er så truga at den har kome på UNESCOs verdsarvliste. Ministeren blei og utfordra av Kathrine Kinn blant anna på om han ville gjera noko med den interne jamstillinga i næringa. Noko ministeren ville jobbe for.

Tradisjonen tru vart dagen avslutta med trekning av lotteriet ved Gunnar Haugo og Sveinung Kjellemo.



Stortingsvalet

TBS har hatt formelle og uformelle treffpunkt gjennom året, og særleg fram mot valet. Framover blir det viktig å bli betre kjent med dei nye stortingsrepresentantane, og få formidla status og behov for næringa og landet.

23.august var det politisk holmgang på Vinjedagen i Åmot. Vest-Telemark BS og Folkeakademiet Vinje var arrangørar. Robert Mood og Edel Urstad hadde sterke og tankevekkande innleiingar for frammøtte publikummarar og politikarar. Edel leia så ei panelsamtale med partitoppene frå fylket om det viktigaste; matberedskapen og kor dårleg stilt landet er om krisa skulle ramme.

Nokon forsto alvoret, samt forskjellen på matberedskap og matproduksjon - andre ikkje.

Takk til politikarane, som forhåpentlegvis reiste vidare med ny og forsterka visdom frå Robert og Edel. Politikarane som stilte var: Tobias Drevland Lund (Rødt), Vilde Berg-Nilsen (SV), Terje Aasland (AP), Åslaug Sem-Jacobsen (SP), Evy Beate Stykket (V), Liv Bente Tvenge (H), Bård Hoksrud (FRP), Gitte Pettersen (VIP), Suhail Mush (DNI), Ann-kristin Delingsrud Amlie (INP).



Dyrskun 2025

Dyrskun i Seljord gjekk som vanleg av stabelen andre helga i september. Med sentralleddet godt involvera og nytt telt på plass, vart det ein innbydande stand nedom låvebrua, trass ein særstilt våt dyrsku.



Godt med tak over hovudet. Nye medlemmar helsar på Tor Jacob
Foto: Tor Mølster Byggland

TBS var arrangør og medarrangør på fleire arrangement gjennom helga:

- **«Finn kjærleiken på Dyrskun»** Lågterskel datingkonsept etter inspirasjon frå «pitch a friend» blei arrangert dyrskufredagen.

- **Mening, Mat og Mot Dyrsku'n: Fra ord til handling** TBS arrangerte dette saman med Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Folkeakademiet i Vinje og Mening, Mat og Mot. På scena dyrskulaurdagen sto:

Anders Nordstad, forbrukernes vaktbikkje og dagligvarebastionenes store skrekk,

Tor Jacob Solberg, brobygger og bauta i NBS,

Anja Cecilie Solvik, leder av Bunadsgeriljaen

Jan Helge Kaiser, brannsjef og tidligere fylkesberedskapssjef

Hanne Guåker, kalkunbonde og lokalmatutsalgsgrunder

Eirik Magnus Fuglestad, forsker RURALIS

Edel Urstad, leder av folkebevegelsen Mening, Mat og Mot



- **Pølser og politikk: Hvordan skal vi styrke lokalmaten?** Her møttest NBS leiar Tor Jacob Solberg, daglig leder i Bondens marked, Randi Ledaal Gjertsen og Liv Birkeland, konsulent og styreleder i Jordnært fra Agder til en samtale om nettopp dette. Samstundes fekk dei opplæring i pølsemakerens kunstar av statsbudeie Bodil Nordjore. **Det var ei oppleving.**
- **Metanhemmarar: for kven?** Telemark Bonde- og Småbrukarlag drog i gang debatt om det brennheite temaet Bovaer i Møt landbruket – teltet på dyskusundagen. Teltet var stappfullt. Nestleiar i TBS, **Sondre Aasan**, var programleiar for debatten. På scena sat (frå venstre på biletet) **Elisabeth Gjems**, GENO **Konrad Kongshaug**, nestleiar Norges Bondelag **Maria Nilsson**, veterinær **Tor Jacob Solberg**, leiar Norsk Bonde- og Småbrukarlag **Hans Christian Songedalsteiten**, som lokal mjølkeprodusent



Det vart eit godt ordskifte, med klåre skiljeliner. Opptak av debatten er å finne på TBS si facebookside.



Landsmøte 2025

Det 96. ordinære landsmøte blei avhalde på Gardermoen 14.- 16. november. 3 dagar med engasjerte diskusjonar, fagleg innhald og sosialt lag med NBS-familien.

Frå Telemark var desse på Landsmøtet:

Vest-Telemark: Gunnar Haugo, Erlend Svenke Fundli, Mimmi Hauglid, Per Helge Seltveit,

Nedre Telemark: Siv Anette Klovholt Moland, Regina Brajkovic Hjordal og Notodden: Solvor Mowinckel Småkasin

Tinn: Barbro Stordalen

Ungdomsutsending: Siv Vandaskog Nesheim

Gjester: Svein Kostveit, Arne Vinje

Fylkessekretær Tor Mølster Byggland



Landsmøtet vedtok 4 tydelege uttaler:

Reforhandle klimaavtalen

Landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag ser behovet for en reforhandling av klimaavtalen. Det er ikke mulig å kutte fem millioner tonn CO₂-ekvivalenter med dagens rammebetingelser hvis man samtidig skal nå målet om økt selvforsyning. Landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag mener det er uansvarlig å unnlate å reforhandle klimaavtalen mellom staten og jordbruket. Med dagens utvikling ligger næringa langt fra å nå de fastsatte klimamålene. Uten en reforhandlet avtale risikerer næringa at den taper troverdighet i klimaarbeidet. I tillegg til at klimaarbeidet vil fortsette i et for tregt tempo sett opp mot målet om en reduksjon av fem millioner tonn CO₂-ekvivalenter.

En reforhandling er derfor nødvendig. Vi trenger realistiske mål, tilstrekkelige virkemidler, tydelig ansvarsfordeling og et klimaarbeid som faktisk gir resultater.

Nei til syntetiske metanhemmarar

Landbruket kan bidra i klimaarbeidet, men syntetiske metanhemmarar er feil retning.

Utgangspunktet for klimaarbeidet i landbruket må vera å redusera bruken av fossil energi og forbetra agronomiske praksisar slik at me bind meir karbon i jorda. Det føreslåtte pålegget om bruk av syntetiske metanhemmarar som eit klimatiltak er eit blindspor. Det vil føra til auka kostnader for bonden, ha ein usikker klimagevinst, og ein bind seg til internasjonal storkapital. Ikkje minst er det stor usikkerheit knytt til konsekvensar for dyrehelsa. Landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag er svært skeptiske til syntetiske metanhemmarar som Bovaer og støtter pausen i bruken. NBS ønskjer å vektleggja føre-var-prinsippet sterkt i denne saka.

Sjølvforsyning – vi tar jobben når vi veit kva den er

Stortinget ynskjer høgare sjølvforsyning. NBS ynskjer å vite korleis jordbruket skal gjere det. På fire vekstsesongar skal Noreg gå frå 40 prosent sjølvforsyning til 50 prosent sjølvforsyning. Å klare å skaffe ein fjerdedel fleire kaloriar frå den norske fotosyntesa til dei norske menneskemagane på så kort tid er ei enormt stor oppgåve. Vi er mange som er klare til å gå i gong når vi får vite kva vi skal gjere, og ikkje minst at vi får betalt for arbeidet.

Landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag ber Stortinget om å setje opp planen for korleis det skal gjerast, og rekne ut kva det vil koste.

Skrot samordninga!

Landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag har store forventningar til at samordningsregelen blir fjernet. Vi har med stor glede sett at MDG, SV og Rødt har tatt med fjerning av samordningen inn i sine alternative statsbudsjett.

Det er også en stor glede at LO – med sine en million medlemmer – ønsker å støtte NBS sin kamp for at alle bønder skal ha tilgang til grunnleggende velferdsordningar. For bondens psykiske helse er det avgjørende å få fjernet samordningsregelen, slik at vi kan få tilgang til hjelp i kritiske situasjonar.

Å fjerne samordninga er viktig for rekruttering til landbruket. Vi vet at det finnes unge kvinner som vegrer seg for å ta over gårdsbruket, eller som velger bort å få barn på bakgrunn av samordningsregelen. Grunnleggende velferdsordningar er godt etablert i samfunnet ellers. Skal unge ville starte opp i landbruket, må dette være på plass for bønder også. Man må ha et sikkerhetsnett når bonden blir syk eller skal ha barn. Landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlaget forventer at samordningsregelen blir fjernet i årets statsbudsjett.

Jorddagen i Bø 4. desember

Den internasjonale jorddagen i Bø var eit ope og fagleg arrangement med fokus på bærekraftig matproduksjon, jordvern og jordhelse.

Arrangementet varte frå tidleg ettermiddag til kveld og starta med ei velkomsttale av ordføraren i Midt-Telemark, Siri Blichfeldt Dyrland.

Deretter heldt fleire talarar innlegg, mellom anna fylkesordførar Sven Tore Løkslid om regional matproduksjon og Kristin Hollung frå Matkornpartnerskapet om bruk av meir norsk korn i mat.

Ei humoristisk og engasjerande økt om å vere «norsketarianar» og fordelane med norsk mat vart også presentert av Dordi Bokstas Lerum. Undervegs var det ei pause med suppe frå Telemark Bygdekvinnelag og god moglegheit til å prate med andre deltakarar.

Dagen avslutta med ei panelsamtale, der både fagpersonar, representantar frå landbruket, studentar frå Universitetet i Sør-Øst Norge og elevar frå agronomutdanninga deltok, med spørsmål frå publikum.

Fylkesleiar Kjellemo var ein av paneldeltakarane. Temaet var styrking av jordressursar og korleis landbruket kan bidra til klimamål og vern av natur. Hovudfokus var kunnskap, dialog og lokale perspektiv på globale utfordringar knytt til jord og matproduksjon.

Jolebord

Både Vest-Telemark BS og Nedre Telemark BS hadde jolebord før jol.

Vest-Telemark hadde sitt på Raulandsakademiet 9. desember. Over 40 tok turen. Silje Hegg og Svein Olav Krontveit sto for det musikalske. Ribbe og pinnekjøtt blei fortært før Per Olaf Lundteigen, som hadde teke turen saman med Dag Fossen, tok ordet.

Etter lang fartstid både i landbruket og på Stortinget har Lundteigen mange interessante betraktingar og fakta om korleis det heile heng saman og blir til. Og det er nesten ikkje til å tru av og til. Lundteigens politiske liv er nyss førd i pennen av Thomas Vermes, og den boka kan tilrådest.

Av lokallaget fekk han ei «Vinjekjette», laga av Edvin Loftsgarden, som takk for standhaftig, lang og tru teneste for landbruket og dei på ytter-sida. Lundteigen har og vore stadig innom Vest-Telemark, noko me håpar han vil halde fram med.



Nedre Telemark BS samla seg på Århus gård i Skien den 13. desember, for fagleg og sosialt samver. Drøyt 20 kosa seg med mat og prat denne kvelden. Nedre Telemark BS er eit lag i sterk vekst, med over 25 % medlemsauke siste år!



find°my

SKAPT AV BØNDER, FOR BØNDER

TIMEBASERT
POSISJONSSPORING

MOTTA SMARTE
VARSLER

POSISJONSLOGG

TEGN
GEOFENCE

Sted	Lat	Long	Navn
Sted 1	59.123456	10.123456	Sted 1
Sted 2	59.123456	10.123456	Sted 2
Sted 3	59.123456	10.123456	Sted 3
Sted 4	59.123456	10.123456	Sted 4
Sted 5	59.123456	10.123456	Sted 5

INGEN ANTENNER INGEN GRENSER HVOR SOM HELST

BESTILL I DAG OG FÅ DINE E-BJELLE FØR BEITESESONGEN

SALES@FINDMY.NO
WWW.FINDMY.NO/BUTIKK

Takk for eit godt arbeidsår!

Vinje 28.01.26

Sveinung Kjellemo (s)

Sondre Aasan (s)

Åsmund Kleven (s)

Regina Brajkovic (s)

Kathrine Kinn (s)



Norsk matproduksjon i et evighetsperspektiv



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Returadresse:
Tor Mølster Byggland
Trovassvegen 121
3890 Vinje



På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på gjensidige.no/landbruk, eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Gjensidige

